

# Breidablikk hytteforening

## Referat frå årsmøte i hytteforeninga 1.sept 2018

41 medlemmar (frå 25 hytter) var til stades på årsmøtet som vart halde på Grotli høgfjellshotell klokka 18.30.

1. Innkallinga vart godkjent og Kirsti Gjørvad valgt til møteleiar.
2. Årsmeldinga (sept 17-aug 18) vart lesen opp av leiar. Årsmeldinga er sendt ut til medlemmane i lag med resten av årsmøtepapira.
3. Årsrekneskapen for 1.jan 17 – 30.juni 18 med vedlegg vart gjennomgått av kasserar. Driftsresultatet er på -1931 kr. Rekneskapet er godkjent av revisor Per Bjerke. Pr. 30.6 står det kr 32013 kr på konto. Ingen merknadar til rekneskapet. Papira ang. rekneskap er sendt ut til medlemmane ilag med innkallinga.
4. Val av nytt styre med varamedlemar: Roger Howden, Bodil Berge og Tor Hole sit eit år til. Kirsti Gjørvad, Kjell Warholm og Sveinung Hovden vart gjenvalgt for to nye år. Ingvild Bøstrand går ut. Gry Berg Rusten vart valgt inn, for to år.
5. Val av revisor. Per Bjerke tok gjenvalg for eit nytt år.
6. Godkjenning av budsjett og fastsetting av kontingent for 2019. Kasserar gjekk gjennom styret sitt forslag til budsjett. Årsmøtet gav si tilslutning gjennom einstemmig vedtak til å vidareføre årskontingenten på 350 kroner, samt å innføre purregebyr på 100 kr på årskontingenten etter 30 dagar. Det vart også einstemmig vedteke at hytteforeninga går til innkjøp av 1 nytt webkamera. Budsjettet vart einstemmig vedteke.

### 7. Andre innmeldte saker

#### 7.1 Mulighet for innlagt vatn

I vedlegg til innkallinga vart det informert om at Skjåk kommune ikkje ynskjer individuelle dispensasjonssøknadar frå hytteeigarane om å legge inn vatn i hyttene, men heller at det vert søkt om ei reguleringsendring av området. Årsmøtet gav si tilslutning til at styret held fram med arbeidet mot Skjåk kommune for å fremje omregulering av hyttefeltet, med mulighet for innlagt vatn, ved at 24 hytter stemte for, 1 stemte blankt og ingen i mot.

Det er viktig å presisere at dette ikkje er snakk om eit påbod om å legge inn vatn, men at dei som ynskjer det kan få adgang til å legge inn vatn i samsvar med ein endra reguleringsplan.

Møtet heva.

Ref, Ingvild Bøstrand

-avtroppande sekretær